

Songsirklar

(F/E) Presentasjon av forskning / Presentasjon basert på erfaringskompetanse / Film
13.00-13.25, Spor 4: Auditorium 10

Foredragshaldarar

Lars Tuastad, GAMUT, Griegakademiet, Universitetet i Bergen, lars.tuastad@uib.no
Øystein Lydvo, Bjørgvin DPS, Haukeland universitetssjukehus
Eirik Aurlund Sæle, frilans filmskapar

Samandrag

Musikkterapeutane Lasse Tuastad og Øystein Lydvo hadde gleder av å ha musikkterapeutane Endre Furu og Grete Skarpeid som lærarar ved musikkterapistudiet på Sandane mot slutten av 90-talet. Endre og Grete forma og gav inspirasjon til Lasse og Øystein sin framtidige musikkterapi praksis der. I 2023 vart Endre og Grete tilfeldigvis innlagt samtidig ved ein rehabiliteringsklinikk i Bergen med alvorleg underliggende sjukdom. Lasse og Øystein besøkte dei på klinikken, der dei prata og spelte i saman. Med seg hadde dei musikkterapeut og kameramann Eirik Sæle.

Frå 2000 til 2023 hadde Lasse og Øystein kun sporadisk kontakt med sine tidlegare lærarar. I tidsrommet hadde Endre og Grete gifta seg, stifta familie, gått i frå kvarandre, jobba og vorte uføretrygda. Lasse og Øystein hadde etablert seg som musikkterapeutar i Bergen, der Eirik Sæle utdanna seg til musikkterapeut med Lasse som lærar og Øystein som praksislærar.

I møta på klinikken går desse fem inn og ut av forskjellige rollar; som vener, lærarar, studentar, terapeutar, pasientar og som likeverdige musikarar. Dei går ut og inn av tida; kjenner på det som var, det som er og det som kan komme. Rammene er både tydelege og utydelege når desse fem musikkterapeutane med utgangspunkt i livets sirkel møtast i songsirklar.

I filmen fortel Endre og Grete, med kvar sine sterke historier, kva musikk betyr for dei i rehabiliteringsfasa. Det er musikalsk samspel og Endre og Grete har kvar sine intimkonsertar på klinikken. Presentasjonen utforskar møta og prosessen kring filmskapinga, og avsluttast med visning av filmresultatet.

Referansar

Furu, E. (2008). Musikk i alsasiske identitetskonstruksjoner (p. IV, 110).

Ruud, E. (2013). *Musikk og identitet* (2. utg.). Universitetsforlaget.

Skarpeid, G. (2008). "Musikken - min venn": om unge jenter i psykisk helsevern sin daglige musikklytting. I E. Ruud & G. Trondalen (Red.), *Perspektiver på musikk og helse : 30 år med norsk musikkterapi*. Norges musikkhøgskole.
<http://hdl.handle.net/11250/172612>